

Årsmelding for Hjelp Moldova 2018

Styret si samansetjing:

Leiar: Jarle Ådlandsvik
Nestleiar: Hans Bjørn Bakketeig
Kasserar: Erik Bjerring Hansen
Styremedlem: Heine Oen
Nils Fredrik Nilsen
Varamedlem: Jorunn Indrefjord
Ingunn E. Bakketeig

Valkomité: Kåre Ness / Astrid Daae / Tonje S. Faanes

Medlemmar og faste gjevarar

I 2018 var talet på medlemmar 115. Av desse er 70 faste gjevarar, dvs. om lag det same som tidlegare.

Styret

Det har vore halde fem styremøte i perioden.

Økonomi

Utanriksdepartementet (UD) har også dette året støtta prosjektet vårt for optometri og vidareutvikling av oftalmologi. Prosjektet vart avslutta 31. desember 2018.

Frå Grieg Foundation fekk vi kr 600 000,-, dvs. meir enn tidlegare år, då dei ville vi skulle ha litt å gå på når UD-prosjektet vart avslutta. Denne støtta er svært viktig for å sikra drift av synssenteret.

I tillegg har ordninga med faste gjevarar gått til synssenteret, dette utgjør ca. kr 10 000,- per månad.

Os vidaregåande skule, Os Gymnas, Langhaugen vgs og Fusa vgs har sin årlege solidaritetsaksjon til inntekt for Hjelp Moldova. Støtta frå desse skulane var i 2018 på ca. kr 430 000,-.

I august arrangerte ein vennegjeng av Hans Bjørn Bakketeig ein aksjonsdag på Os for å samla inn midlar til organisasjonen. Dette gav eit resultat på ca. kr 120 000,-.

Gjennom medisinsk forsikring i Moldova (moldovske myndigheiter) har vi fått tilført kr 225 000,-. Dette er ei lita auke frå året før.

I tillegg har vi fått om lag kr 100 000,- frå medlemmar og andre støttespelarar som ser verdien av arbeidet vårt i Moldova.

Årets julegåveprosjekt gav eit resultat på ca. kr 33 000,-. Desse midlane blir fordelte på ulike vanskelegstilte familiar i løpet av året.

Turar

På vårparten vart det gjennomført ein trailertransport med Nils Fredrik Nilsen som sjåfør. (I tillegg arrangerte Nils Fredrik ein 4-dagarstur for nokre av sine kollegaer i mai.) Heine Oen var i Moldova nokre dagar i april for å jobbe med lageret, lese-tv og logistikk. Augelege Jan Askvik var ei veke i Moldova i november. I løpet av året har Hans Bjørn gjennomført ni reiser til Moldova.

I oktober var nokre elevar og lærarar frå dei fire vidaregåande skulane (Fusa, Langhaugen og Os x 2) med til Moldova. Denne gangen var alle skulane med på same tur. Desse turane er svært viktige for samarbeidet vårt, og elevar og lærarar får med sjølvsyn sjå korleis innsamla midlar vert brukte. Turane er viktige for motivasjonen og for å fortsetja innsamlinga til ulike prosjekt i Moldova.

Aktivitetar 2018

Prosjekt syn

Hovudaktivitetane har vore å utvikla tenestene ved synssenteret, utvikla optometri-utdanninga, og å få dei moldovske myndigheitene til å ta større ansvar for utvikling av synstenester.

Synssenteret behandla over 1300 personar i 2018. Bemanninga ved senteret er no tre legar (inkl. leiar, dr. Tatiana Ghidirimschi), ein sjukepleiar og ein rekneskapsmedarbeidar. Det er tilpassa spesialbriller og mykje andre optiske hjelpemiddel, og brillene blir kjøpt både i Noreg og i Moldova. Vi driv ambulante tenester og er i heile landet for å foreta utgreiingar av pasientar og opplæring av legar. Vi er framleis i barnehagar, skular, fengsel og andre institusjonar for synstesting og tilrettelegging.

Sommaren 2017 leverte vi to lasarar til hhv. hospital Republican og synssenteret for netthinnebehandling for å unngå blindheit ved til dømes diabetes. Dei har dessverre ikkje vore brukt nok i høve til det store behovet. Dette skuldast delvis manglande kunnskap og vilje til å dela kunnskap. I 2018 har vi derfor arbeidd mykje for at laserane skal bli meir brukt. Dr. Jan Askvik hadde fokus på opplæring i forhold til laserbehandling, då han var der. I tillegg har vi tilsett ein ny person på synssenteret med ansvar for diabetes og laserbehandling, så no er vi godt i gang. Det vart levert ein ny laser til Emergency Hospital i november. I tillegg vart det levert diverse utstyr for diagnostisering og behandling til fleire sjukehus i Moldova. Montør frå Sevest var fire dagar i Moldova for montering av utstyr og opplæring i bruk. Samtidig vart utstyr til optometriutdanninga levert og montert frå Essilor, Norge.

Vi har regelmessig kontakt med ulike ministerier og med medisinsk forsikring for å få ei endå større deltaking. Vi fekk ei lita auke frå medisinsk forsikring for 2018. Summen på kr 225 000,- er dessverre altfor lav. Vi er i dialog om å få meir betalt for våre tenester ved senteret, dette er viktig for å få moldovske myndigheiter til å ta over ansvaret for synssenteret. For kommande år er det søkt om ei støtte på 1 500 000 lei (ca. 750 000 kr).

Optometriutdanninga

Ved studiestart på optometriutdanninga hausten 2017 var det 17 studentar, tolv av dei fullførte og starta på 2. året i haust. Det nye kullet hausten 2018 hadde 19 studentar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), medisinsk universitet i Chisinau og Hjelp Moldova. Det vert støtta med midlar frå Diku – Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning. Utdanninga er over 4 år, og dei første optometristane er ferdige våren 2021.

I løpet av året har representantar frå USN vore på to turar til Moldova for å sikra drift og utvikling av studiet. I haust fekk studiet ein del nytt, flott utstyr levert, men det er framleis eit stort behov for utstyr. Det er viktig at vi klarer å motivera studentane til å fullføra studiet.

Kvart år kjem det norske optometristudentar på utveksling i 12 veker til Moldova. I denne perioden skal dei arbeida på ulike sjukehus og institusjonar. Kontakten mellom studentane frå Moldova og Noreg er viktig både for fagleg utvikling og som ein motivasjonsfaktor.

Vi har hatt to møte med Utanriksdepartementet dette året for å rapportera om pågåande prosjekt og vidare tankar. Signala er at det ikkje vert meir støtte frå UD til prosjektet vårt i Moldova. Det vil bli sendt ein ny søknad våren 2019.

Det er viktig med god kontakt både mot norske og moldovske myndigheiter for å få arbeidet som vert gjort, til å vedvara.

Andre prosjekt

I 2017 hadde vi ein person tilsett ved institusjonen for multifunksjonshemma i Orhei, finansiert med midlar frå dei vidaregåande skulane. Denne avtalen vart avslutta i 2018.

Barnehage nr. 74 for multifunksjonshemma

Vi har også dette året hatt synsundersøkingar av barna i barnehagen, og dette arbeidet vil fortsetja kommande år. Vi har elles jamleg kontakt med barnehagen.

Barnehage nr. 135 for synshemma

Vi er i denne barnehagen ca. tre gonger i året for å teste nye barn og for oppfølging av dei som har vore der ei stund. Dei som treng det får hjelp.

«Mor og barn»-sjukehuset

På turen for skulane i haust vart det bestemt at dei ville støtta ei oppussing av eit behandlingsrom på sjukehuset. Det vart gjort i løpet av hausten og tatt i bruk like før jul.

Julegåveprosjektet

Vi er godt nøgde med resultatet frå årets innsamling. Gjennom året møter vi stadig nye familiar som treng hjelp og støtte. Vi har valt å støtta nokre av dei i 2019, i tillegg til dei familiare vi har støtta nokre år.

«Mirakelet i Moldova»

Denne dokumentarfilmen frå Flimmer Film har blitt vist på ca. ti filmfestivalar rundt om i Europa. *Mirakelet i Moldova* vart også brukt i forbindelse med EU sin 70-årsmarkering for

menneskerettar i Europa, og vart då vist i både Brussel, Istanbul og Ankara. I anledning filmen har det kome inn ein del pengegåver.

Samarbeidspartnarar

Hjelp Moldova har mange gode samarbeidspartnarar og støttespelarar. Forutan dei ville arbeidet vårt vore vanskeleg. Vi er svært takksame for støtta dei gjev oss både økonomisk og på andre måtar, t.d. med utstyr.

Viktige samarbeidspartnarar for oss er Utanriksdepartementet, Grieg Foundation, moldovske myndigheiter, Fusa vgs, Langhaugen vgs, Os vgs, Os Gymnas, hjelpemiddelsentralar, ulike sjukehus, augelegar, optikarar, private gjevarar og andre.

I Moldova er det synssenteret som tek hand om våre interesser. Tatiana Ghidirimschi og dei tilsette ved senteret har gjort ein fantastisk innsats også i år.

Vi takkar alle våre medlemmar og gode støttespelarar!

Styret i Hjelp Moldova